Nå står et storprosjekt for døra – et gigantisk løft av standarden. Mens det de siste årene er utført vedlikeholdende veiarbeid på ca. 60–70 km i året, er planen for 2002 hele 250 km. En betydelig del av dette arbeidet kan i realiteten regnes som veibygging, ettersom flere strekninger må brytes opp og legges på nytt. For å komme i havn med et slik gigantprosjekt blir det nødvendig med både utenlandslån og støtte fra EU i tillegg til budsjettmidlene. På litt lenger sikt vil det sannsynligvis innen år 2010 komme firefeltsvei mellom Tallinn og Tartu. (Luup, nov. 2001, Øyvind Rangøy)

Utrygt i Moskva

Russiske nasjonalbolsjevistar gjer det utrygt for den estiske ambassaden i Moskva. I mai kasta dei maling på ambassadeveggen, knuste eit vindauge, grisa til det estiske flagget og riksvåpenet. Estland har fleire gonger kravd vakthald mot slike ekstremistar som hevdar at dei protesterer mot den dårlege behandlinga av russarar busette i Estland.

Den estiske regjeringa har løyvd pengar for å setja ambassadebygningen i Moskva betre i stand til å tola aggresjonen frå dei russiske tøffingane.

Årets estlandsvenn

På årsmøtet i Norsk-estisk forening 13. mars i år ble **Arne U. Sandvig** presentert som Årets estlandsvenn 2001. Vi viser til forrige nummer av bladet vårt for en oversikt over noen av Sandvigs fortjenester i norsk-estisk sammenheng.

Sandvig kunne ikke motta diplom og blomster i egen person på årsmøtet i Oslo ettersom han stadig er på farten til eller i Estland. For det meste farter han omkring på trykkerier. Han reparerer maskiner og ordner opp. Det var i Tallinn at Estlands-nytt til slutt klarte å få ham til å stå stille lenge nok til at han kunne bli fotografert. Han stoppet opp noen sekunder utenfor trykkeriet som han driver sammen med sin estiske kompanjong, **Valdeko Valme**.



Arne U. Sandvig, Årets estlandsvenn 2001. (foto: TF)

Lite bær – ingen pengar

Kalde netter og ikkje så varme dagar heller midt i blomstringstida i vår øydela store delar av hage-, skogs- og myrbæra. Ikkje like ille i Estland som i Finland. Men nettopp Finland har vorte eit viktig mål for mange utanlandske sesongarbeidarar. Både Finland og Sverige har avskaffa kravet om arbeidsløyve for bærplukkarar. Dette er ikkje alle klar over, og derfor lyg dei ofte på grensa og seier at dei er turistar. Men som turistar hender det at dei har for lite pengar og blir avviste. Hadde dei sagt ærleg beint fram at dei skal plukka bær, så ville dei sloppe inn.

Utanlandske bærplukkarar strøymar til Finland alt i juni når jordbæra blir raude i hamsen. I år vart jordbæravlinga mindre og sesongen kortare enn vanleg. Så var det å

vona på blåbær og molter. Eigenleg har det vore klart lenge for dei som har høve til å følgja med, at det vart lite av begge delar. Men formidlarfirma henta plukkarar til store leirar i nærleiken av bærrområda. Avis Postimees i Tallinn kunne 26. juli fortelja at det var hundrevis av vonbrotne estarar i dei finske skogane. Det blir nemnt ein leir med 115 plukkarar og ein annan med 150 – begge ca. 800 km frå Helsingfors.

Plukkarane hadde investert i reisa for å tena pengar, dei levde under svært primitive forhold. Utan bær og fortjeneste hadde dei heller ikkje utvegat til å sleppa vekk. Mange vender seg til den estiske ambassaden med bøn om hjelp til å koma seg heim igjen. (olm)

Rüütel bygger pensjonistbolig

President Rüütel er fra øya Saaremaa, og der har han tenkt å slå seg ned når han engang blir pensjonert. To-tre km fra barndomshjemmet lar han oppføre et hus med 50 m² flateareal. Huset skal ha stor kjeller med plass til å oppbevare båten utenfor sesongen. Det blir også et par små rom i loftsetasjen. Hele prosjektet er geografisk og kostnadmessig fjernt fra den store luksurvillaen til Lennart Meri på ei strandtomt i Viimsi, like øst for Tallinn. (EPL 31.5.2002)

Bryllaup i Estland

→ frå side 3

Opphevinga av liveigenskapen var ein av fleire faktorar som gjorde innbyggjarane meir rørlege. Nettopp det at folk ikkje er så bufaste lenger, har mykje å seia for oppløysinga av skikkar. Når vi her skal fortelja litt om dei gamle estiske bryllaupsskikkane, blir det ein freistnad på å seia noko generelt om ting som har variert mykje gjennom tidene og frå stad til stad jamvel innanfor eit så lite geografisk område som Estland. Vi prøver då å ta feste i dei siste tiåra av 1800-talet.

Ettersom bryllaupet var ei lokal storhending, var det viktig at alt skulle gå greitt. Det hadde ein del å seia at guten og jenta ville ha kvarandre, men gifting var også ei pakt mellom ulike slekter. Dei fleste ville gjerne vera sikre på frieriet ikkje vart avvist. Derfor kunne den første tilnærminga ha ein meir uoffisiell karakter. Det vart sendt ut ei "høyrekjerring" (est. *kuulueit*) som skulle sondera terrenget. Denne hemmelege oppgåva vart gitt til ei av dei eldre kvinnene i slekta. Det kunne somme stader jamvel vera mor til brudgommen. Ho dukka opp ein torsdagskveld i heimen til jenta med ei brennevinsflaske som gåve. Det at flaska vart motteken, var teikn på at det låg til rette for sambandet og at friarane eller belarane (est. *kosjad*) kunne koma. Utsendingen kunne ofte koma tilbake med ein nøyaktig dato då sjølv friinga eller festemålet kunne gå for seg. Det er også fortalt at det kunne bli bunde eit par vottar til ei tom brennevinsflaske som så vart levert i heimen til jenta. Dersom flaska kom tilbake med brennevin i, betydde det at belemennene ville bli avviste.

Friinga skulle skje ved veksande måne om kvelden ein tysdag, torsdag eller laurdag. Belarane skulle helst ikkje gå til fots, men koma kjørande med ein hingst førespent. Vanlegvis var det to belarar: den giftelystne guten og ein mannleg slektning (est. *isamees*) som måtte vera gift sjølv.

Denne belemannen hadde sidan gjerne rolla som kjøkemeister (est. *pulmavanem*) ved sjølv bryllaupet. Ettersom belemannen måtte kjenna skikkane til botnar, ha eit visst frimod og evne til å opptre, kunne rolla også bli gitt til ein god nabo. Friarane hadde med seg ei flaske brennevin og belegåver. Brennevinet skulle vera søtt og hadde ein rødleg farge som kom seg av det brende sukkeret som var blanda oppi. Belemannen førde ordet. Den giftelystne var sjølv taus og passiv. Han kunne jamvel stå igjen ute på tunet til dess saka var avgjort og det vart bedt til bords. Belemannen fortalde ei soge som gjekk ut på at dei var vegfarande på leiting etter eit bortkome dyr. Eller dei kunne vera ute for å kjøpa eit dyr eller eit fjørfe – ein kvigekalv, ei høne eller liknande. Når det vart gitt lov til å leita etter dyret som var bortkome eller sjå seg ut det dyret som skulle kjøpast, så var det teikn på at friinga var godkjend. Så vart jenta henta inn frå kammerset og friarane sette brennevinsflaska på bordet. Når jenta og foreldra hennar smaka på brennevinet var det den endelege godkjenninga av frieriet, og det vart sett fram mat: brød, kjøt, mjølk og kokte egg.

Så vart det utveksla gåver. Gåvene belarane hadde med seg, kan ein sjå som ein rest av den eldre skikken at brura skulle kjøpast. Brura (est. *morsja*) fekk alltid gåver (forkle, silkeduk, kniv, i nyare tid også ein ring). Det kunne bli gitt gåver til mor hennar (konchette, forkle) og søstrene (hovudlin), stundom til faren (lue, pipe) og brørne (lue, skjerf). Det vart også gitt ein viss pengesum; storleiken var avhengig av sosial rang og velstand. Det måtte vera sølvpenar, ikkje papirsetlar. Dersom jenta etter dette trass alt trekte seg, skulle alle gåvene, pengane medrekna, leverast tilbake. Om det derimot var guten som kom på andre tankar, skulle jenta og familien hennar ha desse gåvene likevel. Belarane fekk også gåver. Det kunne vera eit par

vottar som vart festa til halsen på den tømde brennevinsflaska med eit vove belte eller vindingar (leggband). Somme stader fekk guten med seg heim gåver til foreldra sine (vottar, sokkar, belte).

Det var ikkje reglar for kor lang tid det skulle vera mellom friing og bryllaup. Minimum var tre veker, for så pass var nødvendig slik at det tre søndagar på rad kunne bli lyst for paret i kyrkja. I det vestlege Estland, og særleg på øya Saaremaa, var det vanleg med friing om våren og bryllaup om hausten. Andre stader var det svært vanleg med friing om hausten og bryllaup om vinteren, eller i alle fall seinast i veka før fastelavn ettersom kyrkja ikkje vigde folk i fastetida før påske.

Tida mellom friinga og bryllaupet gjekk stort sett med til å fylla brurekista. Til eit vanleg bryllaup trongst det over 50 par vottar, hundre vovne belteband, mengdevis av sokkar og andre ting. Jentene i landsbyen hjelpte til med å fylla kista. Det kunne dei gjera to kveldar i veka: torsdagar og søndagar. Dei fekk ikkje betaling for

dette arbeidet, men det var sjølvsagt at dei vart bedne i bryllaupet. For å få kista si full kunne jenta også gå omkring – eller kjøra om det var litt lang veg – og samla gåver. På desse ferdene hadde ho med seg ei flaske brennevin som brudgommen (est. *peigmees*) måtte skaffa. Jenta spanderte brennevin der ho kom og fekk, ull, lin, hamp osv. I seinare tid vart det også gitt ferdige ting (vottar, sokkar). Slektingane gav meir enn dei som ikkje var i slekt. Andre gåver kunne vera såpe, matvarer og jamvel pengar. Alt dette bar jenta heim i den såkalla brureposen som ho hadde med seg.

Det vart bedt til bryllaup tre gonger. Om nokon vart beden berre ein gong, kom han ikkje. Forresten var det berre slektingane som vart bedne, dei utgjorde grunnstammen i festlyden. Grannar og kjenningar kom utan å vera bedne. Best var det å halda bryllup ved veksande måne. Festen varte to–tre dagar. Det vanlegaste skal ha vore at bryllaupet begynte måndag og slutta onsdag, torsdag eller fredag. Sidan vart det meir og meir vanleg at det begynte søndag. Feiringa gjekk for seg med ein del i heimen til brura og ein del i heimen til brudgommen.

Formelt sett hadde det unge paret hovudrollene, men foreldra deira hadde også viktige roller, og heilt sentralt stod kjøkemeisteren (est. *isamees* eller *pulmavanem*). Kjøkemeisteren kjørde fremst i brurefølget, han var sentralt plassert ved bryllaupsbordet – anten ved bordenden eller i nærleiken av brureparet. Ein kvinneleg partnar til kjøkemeisteren var brurekona, og dei to hadde i tillegg ein heil flokk embetsfolk til hjelp. Det var gjester som fekk spesielle oppgåver: stå for musikken, sjå til at alle hadde mat og drikke, passa på brura så ingen fekk høve til å stela verken henne sjølv eller noko av det som høyrde henne til, osv. osv.

Seremonien i kyrkja spela lenge ei mindre vesentleg rolle. Den kunne vera ei eller fleire veker før bryllaupsfesten; svært



Brura får konchette på seg.

sjeldan etterpå. Det avgjerande for folk flest var tradisjonen med å setja konehette (est. *tanu*) på brura. Først når ho hadde fått den på seg, var ho verkeleg gift. Til kyrkja kunne derfor det unge paret dra med eit svært lite følgje der ikkje eingong foreldra nødvendigvis var med. Utviklinga gjekk likevel i den retninga at ein større og større del av bryllaupsfolket følgde med til kyrkja, noko dei hadde godt høve til i og med at kyrkjeferda var på ein søndag. Brur og brudgom drog til kyrkja kvar for seg, men dei kom saman derifrå etterpå. Det var ikkje bra å kjøra til kyrkja med ei merr. Hingst laut det vera. Dersom den første dei møtte på veg til kyrkja, var ei kvinne, så var ikkje det heller bra. Før dei var vigde, måtte paret ikkje handhelsa på nokon ved kyrkja; det betydde at dei gav bort lykken si. Og brura måtte ikkje ha noko slag når med seg, for då ville livsvegen hennar bli tornefull. På veg til og frå altaret måtte ingen koma mellom brur og brudgom; då ville det bli mykje tretting mellom dei to. Det var tilrådd at brura hadde eit pengestykke, eller litt brød og salt, på barmen, i lomma eller i skoen for å halda alle vonde vette på avstand. Pengestykke, brød og salt er i estisk folketru generelt gode og vernande ting.

Bryllaupet begynte med at bryllaupsfolket samla seg. Det gjorde dei i dei to heimane avhengig av kva side dei høyrde til på, dvs. kva side som hadde bedt dei. Det vanlege var å møte opp om morgonen bryllaupsdagen. Somme stader kunne folket koma saman om kvelden før bryllaupet. Heime hos brura var det ingen særlege seremoniar. Heime hos brudgommen vart det samla inn pengar som kjøkemeisteren kjøpte brennevin for. Ei flaske brennevin måtte han ha med for at følgjet til brudgommen skulle sleppa inn når dei kom til heimen åt brura. På vegen kunne det vera ymse slag hindringar som eit bål midt i vegen, ein bom eller eit felt tre over vegen osv. For å koma vidare, måtte dei "visa passet", det vil seia at dei

måtte kjøpa seg fri passasje kvar stad med ei flaske brennevin. Stundom dugde det med øl, og ein sjeldan gong kunne det bli prøvd med pengar.

Når følgjet nærma seg heimen til brura, drog ein bodberar i førevegen for å seia frå. Det var signalet til mottakarane som samla seg på tunet. Men grinda vart ikkje opna før følgjet til brudgommen hadde forhandla seg fram til det. Viktig var det igjen å "visa passet". I tillegg til å levera ei flaske brennevin kasta dei inn ein pengesekk. I pengar inneheldt han berre eit par kopek, elles var han full av glasbrot og anna skrot. Det var om å gjera at det singla i sekken og at han såg stor og fin ut.

Samtidig med dette møtet ved grinda byrja songen, og den heldt fram inne på tunet. Mottakarane spurde kven nykomarane var, kva dei ville osv., klandra dei for å vera seint ute osv. Følgjet til brudgommen lovpriste jenta, smykka og heimen hennar. At dei kom seint, skulda dei på den dårlege vegen, på det at brudgommen hadde traktert dei så rikeleg, og anna liknande.

Dei nykomne vart bedne inn og til bords. Dei smaka så vidt på maten før dei kravde å få sjå brura. Ho hadde halde seg i eit siderom eller i ein av dei andre bygningane, til dømes på sengeloftet eller i badstova. Det var oftast ein omstendeleg prosess å finna brura. Leitinga gjekk for seg med mykje song og moro. Når ho til slutt var funnen, kunne alle ta fatt på det første felles måltidet. Dette var elles ikkje så lett å ordna reint praktisk fordi det som regel var mykje folk i forhold til storleiken på stovene. Det unge paret skulle helst eta av same tallerken, og dei måtte la litt av maten liggja att. Det at festlyden får paret til å kyssa kvarandre ved å ropa *Kibe!* *Kibe!*, er ein nyare skikk.

Ved alle måltid var brødet viktig. Så lenge bryllaupet varde, låg det eit stort rugbrød på bordet som ingen rørde. Det skulle sikra at paret aldri leid naud, og at dei alltid hadde nok å eta. I det vestlege

Estland fekk brura brød med seg i kista når ho drog frå heimen. Denne avferda var ein av dei sentrale seremoniane i samband med bryllaupet og gjekk for seg anten om kvelden første bryllaupsdagen eller neste morgon. Heimanferda til brura var den delen av bryllaupet då det vart songe aller mest. Blant bryllaupsfolket kunne det vera mange som hadde tusenvis av versliner i hovudet, og trongst det, laga dei nye sjølve. Ein stor del av songane var til brura med formaningar om å vera flink, flittig og føyeleg. Ho fekk mange påminningar om den sorglause jentetida som no var over, og om den sutesame konetida ho gjekk inn i.

Før avreisa var det mange stader skikken at brureparet og folket til brudgommen sette seg ned på endå ein gong. Når så brura reiste seg, skulle brudgommen leggja pengar der ho hadde sete. Dette var løysepengar eller "halepengar" (est. *sabaraha*) til mor hennar og betaling for at ho hadde fostra jenta.

Utbreidd var skikken å stela med seg noko. Folket til brudgommen prøvde å raska med seg det dei kunne til brura, medan folket til brura hadde i oppgåve å passa på at det ikkje lykkast. Det kunne bli arrangert eit brurerov før avreisa, og det kunne bli prøvd å senda av garde ei falsk brur i staden for den rette. Ettersom festlyden no var godt i farten, kan ein forestella seg at det var mykje moro med dette.

Når brura drog heimefrå, fekk ho andletet dekt med eit hovudlin (est. *uju* eller *söba*). Det vart festa med tre nåler eller søljer: på panna, framfor munnen og på halsen eller brystet. Det var ein dobbel grunn til dette. Ho skulle ikkje finna vegen heim igjen, og ho skulle vernast mot alt illvillig, særleg mot det vonde auget.

Somme stader drog dei viktigaste personane i førevegen, andre stader reiste alt bryllaupsfolket samla til heimen åt brudgommen. På vegen galdt det å laga mykje bråk, fyre av skot i lufta osv. Og igjen var det mange hindringar der følgjet måtte "visa passet" for å koma vidare.



Mor Maimu måtte hjelpa til før Kati fekk til spinneteknikken.

Dersom brura vende seg og såg tilbake til heimen, kom barna ho fekk, til å likna henne. Mottakinga i den andre heimen likna mykje på det som er skildra ovanfor. Brura vart lyfta ut av sleden eller vogna og mor til brudgommen la ein skinnfell eller eit åkle på marka som ho skulle gå over. Ho skulle på si side kasta eit belte på underlaget. Dette skulle sikra at ho hadde ei heldig hand med sauene og at ho skulle vera mild og føyeleg i ekteskapet. For kvar dørstokk ho passerte, skulle ho kasta vottar. Det kunne bli lagt ein brødspade på golvet som ho skulle stiga over for å sikra brød i huset. Ho måtte for all del ikkje stiga inn i den nye heimen med venstrefoten først, og lyset måtte vera tent i alle stovene når ho kom. Brudgommen dreiv på med sverdet sitt og laga krossar i dørstolpane og alle krokar.

Brura vart førd til sete medan ho enno hadde andletet tildekt. Det var spesielle

songar knytta til seremonien når brura vart avduka. Så vart det sett fram eit stykke brød med salt eller smør. Det vart brote i to og delane gitt til brura og brudgommen. Somme stader var det skikken å setja suppe framfor dei, som dei skulle eta av same skåla. Medan brura framleis sat ved bordet, kunne ho som snarast få eit barn i fanget. Oftast var det ein gut, og ho skulle gje han eit par vottar eller sokkar. Skikken var kjend over heile Estland som eit middel til å sikra paret avkom.

Så skulle brura bli kjend med den nye heimen. Mor til brudgommen tok henne med seg til bygningar og til alle rom, heilt sikkert også til brønnen. Alle stader måtte brura gje gåver. Ho kasta jamvel eit par vottar i brønnen. Desse gåvene plukka ver-mora opp, og dei fekk ho. Skikken var truleg restar av gammal ofring til dei ulike vettene som heldt til ymse stader på garden.

Etter matmålet følgde den viktigaste av alle skikkane. Jentebora vart teken av brura og ho skulle få konehetta på seg (est. *tanutamine*). Først med dette var ho verkeleg gift. Ikkje rart at det estiske språket har det å "koma under konehetta" som eit vanleg uttrykk for at ei jente gifter seg. Det var mor til brudgommen som skulle stå for dette ritualet. Dersom ho var død, gjekk oppgåva til kona åt belemannen. Seremonien gjekk vanlegvis for seg halvt i løynd, gjerne i eit siderom og berre med nokre få av dei nærmaste til stades. Seinare vart det eit seremonielt høgdepunkt som heile festlyden skulle ha høve til å sjå. Brur og brudgom sat ved sida av kvarandre. Ingen måtte passera mellom dei. Til kulissane kunne det høyra at det stod brød, kjøt og øl på bordet for å sikra at paret alltid skulle ha mat nok. Mor til brudgommen kjemde først håret til verdottera, så daska ho henne i panna med konehetta og sa eit formular som kunne vera: Gløym draumen, hugs minnet, ha mannen i tankane! (*Unusta uni, mäleta mälu, Pea mees meeles!*) Så sette ho konehetta på brura. Dette gjorde ho tre

gonger. Dei to første gongene sette ho hetta skeivt eller vrangvendt og brura rista den av seg eller kasta den på golvet. Først tredje gongen var alt rett, og no var ikkje jenta brur (est. *morsja*) lenger, no var ho ungkone (est. *noorik*).

Like etter følgde neste seremoni som gjekk ut på at ungkona fekk forkle på seg. Forkleet var det andre viktige teiknet på at kvinna var gift. Skikken vart ikkje nytta alle stader, og det var også stor variasjon når det galdt kven som skulle setja forkle på ungkona. For det meste var det nok ein av bruresveinane som tok seg av det. Og igjen skulle det vera underhaldning slik at forkleet først vart bunde om halsen eller andre stader før det fann den rette plassen sin. Det kunne også først vera fillet slik at det vart samla inn pengar til eit nytt forkle, eller nokre av festfolka fekk i oppgåve å bota det sunde, gjerne slik at dei dekte hola med pengar. Brudgommen var då den første til å kasta pengar i forkleet, sidan kasta dei andre. Ungkona fekk ha dei pengane som vart innsamla på den måten.

Første bryllaupsdagen i den nye heimen slutta med at paret på seremoniell måte vart leidd til sungs. Svært utbreidd var skikken at dei den første natta skulle liggja i fjøset, helst i sauefjøset. Då skikken endra seg, vart det reidd opp i stallen, på loftet eller i kammerset. Det høyrde med at dei skulle liggja på høy som var tørka av fleire gras-slag som brudgommen sjølv hadde slått. Sengklede skulle brura sine folk koma med. Andre enn dei nygifte sjølve måtte ikkje sitja på senga eller prøva henne, helst ikkje sjå henne eingong, for det kunne ta lykka frå det unge paret eller skapa usemje mellom dei. Det var gjerne mor til brudgommen som skulle leia paret til sungs. Somme stader låg dei den første natta med klede på seg. Dei vart vekte med song og musikk neste morgon, eller rett og slett med skrik og støy. Ungkona måtte leggja att eit belte eller liknande der ho hadde lege. Dette var gåver til den som hadde leidd dei til sungs og som også

reidde opp senga etter dei. Paret fekk vatn og vaska seg, og kasta pengar i vaskevatnet. Dei pengane var gåve til den som kom med vatnet, og som også bar det ut igjen. Vassberaren har gjerne også fått vottar.

Den tredje, og vanlegvis siste bryllupsdagen var ein stor gävefest. Folket til brudgommen framførde syngjande krava om at kista til brura (est. *veimevakk*) no måtte opnast og innhaldet delast ut. Dette vart kalla å "syngja opp kista" (est. *kirstu lahti laulmine*). Alle som høyrde til på brudgommen si side, vart kalla fram ein for ein og fekk gåver: Det var igjen sokkar, vindingar, vottar, belte osv. Dei som hadde hatt embete, fekk gjerne fleire ting som sjal eller skjorte i tillegg. Og foreldra til brudgommen fekk endå fleire og endå finare ting. Seinare utvikla det seg ein skikk der innhaldet i kista ikkje vart utdelt som gåver, men i staden seld. Det dreide seg ikkje lenger om å dela, eller dela ut, innhaldet i kista. Uttrykket vart då å selja det (est. *vaka müümine*). Det er då eigenleg to ulike skikkar som vart kombinerte, for det å gje pengar til ungkona var gjort i uminnelege tider. Pengeinnsamling eller pengegåver i større stil vart vanlege på



Tjerand og Kati hjelpest åt med potetskrellinga.

1800-talet då bondefolket stundom kunne ha litt meir å rutta med. Pengar vart den viktigaste kollektive hjelpa frå bryllaupsfolket til det unge paret. Innsamlinga kunne gå for seg på ulike måtar. Den vanlegaste, men samtidig ein av dei nyaste skikkane, var å ropa opp namna. Brureparet sat til dømes ved bordet med ei flaske brennevin og ei tom skål framfor seg. Så gjekk bryllaupsfolket fram ein for ein, fekk ein slurk brennevin og la pengar i skåla. Det var ingen faste summar. Derfor kunne det stundom bli eit tevlingsmoment: Kven gir mest?

I bryllauet vart ikkje berre songe og ete, det vart også dansa. Dansen kunne bryta laus etter seremonien med konehetta, eller dansen kunne bety avslutninga på festen. At det var på tide å avslutta, kunne bli markert med avslutningsmat. Det var gjerne kålsuppe eller annan kålmat. På Saaremaa var det mjølbollesuppe (est. *klimbisupp*). Så var det vanleg å banka i husveggen utanfrå. Andre teikn på at festen var over, var at ungkona tok av seg hetta, at ho gav seg til å spinna midt på golvet, eller at husbonden vengde frakken og tok han på seg vrangvend. Når slike teikn vart gitt, somde det seg å dra heim.

Både i Sør- og Vest-Estland vart det halde etterbryllaup (est. *järelpulmad*), anten første søndagen etter bryllaupet, eller ei veke seinare. Etterbryllaupet var dei fleste stader i heimen til brudgommen. Berre dei nærmaste slektningane var med i laget. Ein kjenner også til frå Sør- og Aust-Estland at det dessutan var etterbryllaup i heimen til jenta ei veke seinare. Brudgommen skulle då ha med seg gåver til vermora, og dei nygifte fekk på si side med seg den medgifta (est. *kaasavara*) som var avtalt før bryllaupet.

I ingressen vart det lova å fortelja om det norsk-estiske bryllaupet i Sør-Estland laurdag 22. juni. Det blir noko kortare enn tenkt fordi biletmaterialet nådde fram i siste sekund. Ved å pressa ut somme andre ting har redaksjonen trylla fram litt plass.

Då Kati Must frå Möniste og Tjerand Nybø frå Suldal vart vigde i Hargla kyrkje, var det ei vakker frukt av det samarbeidet landbruksorganisasjonane i Rogaland innleidde då representantar derifrå drog til Sør-Estland våren 1991. Dei hadde Ants Sild som kjentmann og fekk kontakt med estiske bønder i eitt av dei områda der ressurssterke rogalendingar verkeleg kunne få bruka seg. Etter kvart gjekk det mange sendingar med brukte jordbruksmaskinar som jærøbøndene hadde sett i stand. Og estiske ungdommar fekk praksis på gardane i Rogaland og gjerne opplæring på jordbruksskulane ei tid. Slik kom Kati til Noreg og vart etter kvart uunnverleg for ein avløyssarring i Suldal og endå meir uunnverleg for gardguten Tjerand på Nesflaten. No kan ho leggja Bufast til dei andre namna sine, for i Suldal blir ho verande.

Eit heilt busslass med rogalendingar tok turen til Estland for å vera med i bryllaupet. Ein støkk fekk alle saman i hamna i Tallinn då styresmaktene ikkje ville sleppa inn kona til bussjåføren. Ho reiste med rumensk pass og skulle hatt visum. I slike saker er estarnae svært prinsippfaste. Eller la oss seia: Dei er like prinsippfaste som andre land dei ønskjer å samanlikna seg med. Dei har jo i sommar hatt ein alvorleg dyst med dei finske grannane som ikkje vil respektera kravet om eige pass for ungar frå dei er sju år, eller så i det minste fotografi av barnet i passet til foreldra. Finske ungar er sende heim igjen i massevis, men den rumensk-norske bryllaupsgjesten fekk sleppa inn etter nokre timar. Etter det gjekk alt som smurt.

For dei norske gjestene var det interessant å sjå korleis gamle skikkar vart kombinerte med nyare innslag. Det er tydeleg at folk er uvane med kyrkjelivet, og presten var sikkert litt nervøs så han ikkje kom på å rettleia. Derfor stod heile kyrkjelyden under heile seremonien. Men vakkert ordna med brura sine folk på venstre sida og brudgommen sine på høgre sida.

Etterpå kjørde bryllaupsfolket omkring

i bygda i fleire timar og var innom ulike kjenningar. Ingen hingstar føre vognene no meir. Derimot masse hestekrefter under panseret. Samhøyringa vart markert med lange kvite band som vart festa til antenna på bilen og flagra i vinddraget. Langt ute på bygda var det likevel breie vegar med plass til å kjøra i sikk-sakk så lenge det ikkje var møtande trafikk. Rett som det var stansa heile følget, sprang ut av bilane og var vitne til at dei nygifte vart sett på ymse prøver. Dei skulle nok eigenleg vore testa før dei gjekk til alteret, men det spela ikkje så stor rolle. Ein stad vart brura sett framfor rokken og måtte visa at ho kunne spinna (sjå foto side 21). Andre stader var det hekling eller anaa handarbeid. Potetskrelling er lett å arrangera og alltid populært, for potetene blir gjort vrang med spiker på kryss og tvers stålsett potetål, kan ein vel seia (sjå foto side 23). Brudgommen måtte stadig kløyva ved, og dei var ikkje små dei kubbane han fekk framfor seg. Når dessutan øksene var skjemd alle stader, kom det vel med at brura kunne kviskra eit godt råd: Hogg av ein snei i kanten! For det viktigaste var å kunna visa opp ei flis. Saman med låen fekk brudgommen eit bryne, så der var han betre faren. Så var det til å slå, og brura etter med riva. Her kunne paret demonstrera evna til samarbeid. Like eins når dei fekk oppgåver som hadde med barnestell å gjera.

Sjølve festen gjekk for seg på slottet Sangaste (sjå bilete i Estlands-nytt nr. 3, 1998; slottet skal me koma tilbake til i ein annan samanheng). Det gjekk med eting, leikar, song og gaman for somme heilt til neste morgon. Kjøkemesteren gjorde ein kjempeinnsats, var utrøtteleg på ferde natta igjennom. Innimellom trakterte han også trekkspilet.

På estisk vis stod det mat på bordet heile natta så lenge det var folk til stades. Det var stilt opp atskillege flasker med brennevin bortover borda. Det gjekk mindre av dei enn det ville gjort i eit reint estisk bryllaup. Nordmennene sette større

pris på mildare drikkevarer, såg det ut til. Brusen, som er den norske nasjonaldrikken, var ikkje å sjå. Det var kanskje det mest bisnelege. Tenk at det går an å ha det så gildt utan brus!

Juni er tradisjonelt den store giftemånaden, og vi ser ei tydeleg utvikling:

2000 598

2001 670

2002 730

Første halvår 2002 vart det inngått 2339 ekteskap i Estland. Sidan i desember 2001 har ein del prestar hatt rett til å via folk slik at det også er rettsgyldig. Den første tida var det ikkje så mange som nytta seg av dette, men i juni var talet kome opp i 65.

Tørt i Tallinn

Valborgskvelden 30. april har tradisjonelt vore ein stor fyllefest. I 1999 vart det i Tallinn innført forbod mot sal av alkohol over disk frå klokka 22 til klokka 7 neste morgon. Men ettersom svært mange alt var godt fulle før forbodet, vart klokkeslettet forandra til 19 i 2000. Så vellykka var dette at forbodet vart gjort gjeldande også i 2001 og 2002. (olm)

Estisk geolog ved NGU

Vi blar gjennom avisa og blikket fanger et navn – **Aivo Lepland**. Det er noe estisk ved det, så vi leser. Og joda, han er fra Tartu, men arbeider ved Norges geologiske undersøkelser i Trondheim. Sammen med andre forskere har han sett på metodene som blir brukt for å finne spor etter liv i steinprøver som er 3,8 milliarder år gamle.

Aivo Lepland påbegynte arbeidet da han i 1998 samlet inn steinprøver i Issua-området på Grønland. Sammen med en internasjonal forskergruppe kan Lepland legge fram forskningsresultater som tyder på at biologisk liv har oppstått på et seinere tidspunkt enn tidligere antatt. Dokumentasjonen ble lagt fram i augustnummeret av tidsskriftet Nature. (Aftenposten 10.8.2002)

Om å gå over grensa

Mange stader og i mange land blir det diskutert når media går over grensa, som til dømes når kyllingar bryt inn i nyheitssendingar i Noreg. Men sjeldan skjer grensekrenkinga i så bokstaveleg forstand som i Estland i fjor haust. Då gjekk nemleg programleiar for aktualitetsprogrammet "Pealtnägija" (Augevitne), **Vahur Kersna**, i løynd over den estisk-russiske grensa. Eller litt meir presis: Hoppa over kontrollinja. Med seg hadde han opptakslaget, og målet var å vise kor svakt vakthaldet er somme stader. Men slike føremål gjer det ikkje lovlegare å krenke ei riksgrense. Slikt er ikkje bra verken for grensevakta eller samarbeidet med naboen i aust.

Seinare i innslaget, der Kersna fleire gonger hoppa over sandstipa som markerer kontrollinja mellom Estland og Russland (grenseavtalen er nemleg stadig ikkje underskriven), gjorde han òg eit intervju med grensevaktadministrasjonen for området. Men det gjorde dei ikkje noko blidare, då dei såg innslaget. Dei melde Kersna til politiet, og snakka om mogleg skandale i forholdet til Russland. Kersna forsvara det som eit journalistisk eksperiment.

Resultatet av det heile er òg eit kapittel for seg: Trass fjernsynsoptaka av hoppa -- både med og utan tilfart -- vart saka lagd bort grunna manglande bevis. Grensevakta var nemlig ikkje i stand til å vise nøyaktig kor han hadde hoppa. (Øyvind Rangøy)

Kompensasjon for tap av taxfree?

Det er beregnet at avskaffing av taxfree-systemet vil bety et innteksttap på 47 % for ferjeselskapet Tallink som trafikkerer strekningen Tallinn – Helsingfors med flere skip daglig. Linda Lines med to små hydrofoiler beregner sitt tap til 24 %, mens lufthavna anslår innteksttapet til 10 %. Regjeringa overveier støttetiltak til de forskjellige selskapene. (ay)

Helsestell

Helseminister **Siiri Oviir** (senterpartiet) hadde truga med å gå av dersom Riigikogu (parlamentet) ikkje vedtok den nye lova om helsestell. Proposisjonen hadde nemleg møtt motstand i hennar eige parti der det vart forberedt eit forslag om å leggja lova på is inntil vidare. Om trusselen frå Oviir var avgjerande, skal vera usagt. I alle fall fekk Estland 19. juni ei lov som m.a. garanterer estarane fri tannpleie til dei fyller 19 år. Dessutan skal fleire grupper, som gravide osv., få prisreduksjon på tannlegerekninga.

Det vart bestemt at sjukehusa ikkje kan krevja meir enn 25 EEK per døgn for sengeplassen, og legen kan maksimalt ta 50 EEK når han kjem på sjukebesøk til pasienten. I eit lovutkast var det foreslått sjukepengar frå fjerde dagen då pasienten er arbeidsdyktig. I den vedtakne lova blir det bestemt at sjukepengar kan ein få frå og med den andre sjukedagen. Fødselspengar kan ein få i 140 dagar.

Eit grunnleggande problem for Estland er det at helsestellet skal omfatta 1,4 millionar menneske mens det bare er 574 000 skattebetalarar.

Arbeidsledighetstrygd

Fra årsskiftet trådte det i kraft en ny lov om arbeidsledighetstrygd. Alle lønsmottakere skal trekkes en prosent av lønna som en innbetaling til kassa for arbeidsledige. Skulle de miste jobben vil de over en periode få utbetalt trygd. Arbeidsgiveren skal til samme formål trekke 0,5 %.

Dette er en betydelig forbedring av situasjonen for den som blir uten arbeid. Samtidig håper myndighetene at det skal øke skatteinntektene. En stor del av lønningene i Estland blir nemlig betalt svart ("ümbrikupalk"). Den som mottar svart lønn blir ikke registrert som lønsmottaker og får ingen utbetalinger fra det nye fondet.

Utanlandsestarar

Den estiske staten har vedteke å støtta etniske estarar frå dei tidlegare sovjetiske områda som vil studera ved høgskular i Estland. Prosjektet er førebels på fem år og skal dekkja utgifter til reiser, studium og opphald for 25 ungdommar. Dei fem første blir tekne opp ved lærestadene alt i år. Det har vore snakk om eit månadleg stipend på EEK 1500 og bustadstøtte på EEK 500.

Det er også tenkt på barna. Sommaren 2002 var det i Estland sommarleirar for 23 barn med estisk bakgrunn, men som er busette i ymse delar av det tidlegare Sovjet. Føremålet er at barna skal få høve til å oppretta kontakt med estlandsestiske jamaldringar.

Har du fødselsdag?


Det heter jo at en bør dø på Island, for der har de så fine nekrologer. Men om vi nå konsentrerer oss om livet før døden, så kan vi slå fast at om det er noe som er viktig i Estland, så er det fødselsdagen og feiringen av den. Nå slutter hovedstaden seg til gratulantene. Hvis du bor i Tallinn og fyller rundt tall fra 60 år og oppover, kan du heretter vente deg gratulasjonskort fra borgermesteren. Og fra og med 91-årsmerket kommer byen til å huske deg med et kort hvert år så lenge du lever. (kb)

Oljeberedskap

Den estiske grensevakta har fått tildelt oppgaven med å ta seg av oljekatastrofer. Til å klare dette har de to gamle trålere, Reet og Triin fra 1978 og 1987, som tidligere har fanget sild i østersjøen. De klarer ikke å samle opp mer enn 300 tonn olje. Det er ikke mye når vi veit at utenfor Estlands kyst passerer det tankskip med opp til 150 000 tonn i lasten.

Kultur

Jan-Ivar Byrkjemoen:



BØKER

Brevveksling

Jaan Kaplinski – Johannes Salminen: *Vita nätter och svarta. En brevväxling.* Söderström & Co. Bokförlaget Atlantis, 2002, 149 s.

Den estiske forfatteren og filosofen Jaan Kaplinski (f. 1941) fra Tartu og hans finlandssvenske venn, Johannes Salminen (f. 1925) fra Helsingfors, gav i 1990 ut boka *Sjunger näktergalen enn i Dorpat?* som inneholdt deres brevveksling fra en viss periode. Nå har de gjort det igjen. Det vil si at de har gitt ut ei bok som inneholder tanker om verden nå og om den utviklinga som har funnet sted siden forrige bok. Den foreligger både på finsk og svensk, så den er tilgjengelig for norske lesere også, og absolutt verd å stifte bekjentskap med.

Jaan Kross: Samla verk

I vår kom sjuande delen av **Jaan Kross:** *Samla verk.* Utgjevinga har stått i stampe sidan sjette band kom i 1999. No har forlagsrettane gått over til Eesti Keele Sihtasutus som enno i år reknar med å auka serien med 2–3 band til. Sidan vil det normalt bli to i året. Den fullstendige serien vil bli på ca. 22 band.

Tammsaare på finsk

Anton Hansen Tammsaares hovedverk,

Sannhet og rett I–V, blir utgitt på finsk, oversatt av Juhani Salokannel. Første bind er allerede å få kjøpt. Samtidig arbeider Salokannel med en biografi om Jaan Kross.

XX sajandi kroonika. 1. osa 1900–1940 (Det 20. århundres krønike. 1. del 1900–1940). Eesti entsükloope-diakirjastus. Tallinn 2002. 527 sider.

Det er de siste åra utgitt flere bøker om estisk historie. En kunne tenke seg at de hullene sovjetperioden skapte, nå er i ferd med å bli tettet. Imidlertid viser det seg at det stadig fins store muligheter for nye vinklinger og at estiske historikere vil ha nok å gjøre også i kommende år. Ganske mange av dem har vært engasjert som skribenter i denne krøniken som ikke representerer noe slags grunnforskning, men som kan skape interesse blant leserne for litteratur som speiler mer djuptgående forskning.

Samme type verk er utgitt i mange land. I Norge fikk vi *Århundrets Hvem Hva Hvor* på Schibsteds forlag i 1999. Der har hele århundret fått bare 500 sider, mens det estiske verket bruker drøyt 500 sider på de første 40 åra. Første bind slutter dramatisk med Moskvas ultimatum til Estland 16. juni 1940. Med tanke på hvilken historisk betydning ultimatumet hadde for den estiske nasjonen, var dette likevel det naturlige stedet å markere bruddet. Av forordet framgår det at bind to skal omfatte de neste 60 åra. Det ser ut som en ulik fordeling, men for esterne fortøner et halvt århundres okkupasjon seg som relativt enstonige. Redaktørene har en stor oppgave foran seg når de skal gjøre den perioden like interessant for leserne.

Boka er rikt illustrert og direkte spennende å lese. Forresten leser vi det kanskje ikke slik direkte fra perm til perm.

Det egner seg til å bla i og ta for seg år eller perioder som en måtte være opptatt av. Når vi har vært vitne til hvordan VM i fotball opptok nordmennene i sommer, så skal vi vel ikke undres over at esternes oppmerksomhet i så stor grad var knyttet til fotballen i 1933. Da deltok nemlig Estland i VM-kvalifiseringen. Gruppemotstandere var Sverige og Litauen. I åpningskampen 11. juni vant Sverige 6–2 over Estland. Med seier 2–0 over Litauen i neste kamp, var Sverige sikker gruppevinner, slik at kampen Estland–Litauen ikke ble spilt.

Verket er imidlertid mye mer enn fotball. Både politiske hendelser og kulturelle begivenheter er behørig omtalt for hvert år. Redaksjonen i Estlands-nytt kommer til å kunne hente mye informasjon fra denne krøniken.

Okkupasjonshistorie

Gamle og unge historikere sitter og skriver på spreng i Tallinn og Tartu for å få ut historieverket om den sovjetiske okkupasjonen i ni bind. Første bind skal komme i 2002. Prosjektet var tidligere ledet av Enn Tarvel, nå har Tõnu Tannberg overtatt.

Estisk idéhistorie

Det er ti år siden bokserien *Eesti mõttelugu* (Estisk idéhistorie) ble påbegynt. Den som satte det hele i gang og i alle år har vært hovedredaktør, er forfatteren Hando Runnel. Før utgangen av 2002 vil serien ha 48 utgivelser. Mens Estland etter hvert fikk sin historie tilbake som folk og stat, så skulle dette prosjektet også gi dem tankene og tankenes utvikling – den intellektuelle skatten, om en vil. Til å begynne med ble det gitt ut bøker som som ikke hadde kunnet komme ut på grunn av sovjetregimet, eller som var blitt umulige å få tak i på grunn av bokbål osv. Siden inkluderte serien etter hvert også nålevende tenkeres tanker. I 1996 kom Lennart Meri: *Presidentens taler*. Og i 2001 var Meri igjen aktuell med *Statlige bekymringer*.



De sentrale personene på Sigrid Undsets fødselsdag i Tartu. Fra venstre: avdelingssjef Margit Oja, oversetter Elvi Lumet, skuespiller Tiia Kriisa og informasjonssjef Linda Jahilo.

Sigrid Undset 120 år

Fødselsdager er noe av det viktigste de har i Estland. Men de feirer ikke bare sine egne. De har overskudd til å feire mange norske fødselsdager – og gjør det ofte mer ettertrykkelig enn vi får det til hjemme i Norge. Sigrid Undset fikk 20. mai 120-årsdagen markert med teaterforestilling i teatersalen på Nasjonalbiblioteket. Heidi Sarapuus Variusteater framførte stykket *Saga* som er en dramatisering av Sigrid Undsets biografi. Dagen etter var det et fint arrangement på kafeen i sentralbiblioteket i Tartu. Rommet var fylt til trengsel av litteraturskere og undsetbeundrere. Oversetteren Elvi Lumet som har oversatt mesteparten av Undsets produksjon, og overførte for noen år siden også Tordis Ørjasæters undsetbiografi til estisk, fortalte engasjert om Sigrid Undset. Innimellom leste skuespilleren Tiia Kriisa tekster av forfatteren.

Biblioteket hadde satt opp en utstilling for å gjøre ære både på Sigrid Undset og på den dyktige oversetteren hennes, Elvi Lumet. Hun er for øvrig i innspurten med manuskriptet til *Gymnadenia*. Boka kommer allerede i år på estisk.

Estisk litteratur

fra side 44

rytme og alliterasjon. Til folkediktinga hørte også fortellingene – eventyr, sagn, morostubber. I den estiske folkediktinga er det dessuten rikelig med ordspråk, gamle vendinger og gåter. En vesentlig del av materialet til nasjonale-poset *Kalevipoeg* er hentet fra folkesagn.

Estisk folketro var animistisk, esterne trodde på ånder, tabuer og livskraft. Utbredt var kjennskapen til lynguden Taara. **Kristning** av de hedenske esterne ble gjort til grunn for tyske og danske erobringstokter tidlig på 1200-tallet. Den estiske frihetskampen mislyktes, og Estland kom under fremmed velde som varte i flere hundre år.

Estiskspråklige ord i form av stedsnavn og personnavn kan en lese i Henriks livlandskronike (*Heinrici Chronicon Livoniae*) fra 1224–27, som skildrer og rettferdiggjør tyskernes erobringstokter. Utviklinga av et estisk skriftspråk var langsom og møysommelig. De første trykksakene hadde sammenheng med reformasjonen og behovet for kirkelig brukslitteratur på folkets språk. Den første boka på estisk er nevnt i 1525, men den eldste bevarte boka er **Wanradt-Koells katekisme** fra 1535. Dette ble regnet som fødselsåret for den estiske boka, og 400-årsjubileet ble behørig markert med et Bokår i 1935. Et nytt Bokår ble utropt i 2000 – da betraktet som et 475-årsjubiläum.

Ei jesuittisk håndbok for prestene i Livland (*Agenda Parva*) fra 1622 inneholder parallelle tekster på fire språk, blant dem sørestisk. Etter at Estland var lagt under det protestantiske Sverige på 1600-tallet, økte utgivninga av **kirkelig litteratur** (prekensamlinger, katekismer, evangelier). Disse skriftene er for det meste tospråklige og ment å være til hjelp for baltisktyske og svenske geistlige. Av vesentlig betydning

var grunnlegginga av universitetet i Tartu i 1632. Mot slutten av 1600-tallet fikk boka etter hvert flere bruksområder. Det ble satt i gang skoler for bondebefolkningen, og den kirkelige litteraturen måtte tilpasses undervisningsformål. Noen av de tidligste profane verstekstene stammer fra 1630-åra. Arbeidet med å oversette Bibelen ble tatt opp. I 1686 kom Det nye testamentet ut på sørestisk (Västne Testament), i 1715 på nordestisk (Uus Testament), og i 1739 en fullstendig **bibeloversettelse** som var i bruk i over 200 år. De lokale hernehuterne fremmet like ens tilkomsten av lesestoff på estisk. I 1718 begynte det å komme ut **almanakker**; sammen med disse ble det tilbudt bibelhistorier, oppbyggelige tekster og småvers. Fra slutten av 1700-tallet til inn på 1800-tallet var den vesentligste estiskspråklige litteraturen av folkeopplysende art, det kom ut samlinger med didaktiske fortellinger (F.W. von Wilmann, F. G. Arvelius). Ved århundreskiftet begynte flere å dyrke det verdslige verset. De tidlige tekstene på estisk sprang framfor alt ut av pliktfølelsen til de boklærte og var ei frukt av det folkepedagogiske arbeidet. Det var defor stor overvekt av oversettelser og bearbeidelser.

Fra tidlig på 1800-tallet er det berettiget å snakke om en estisk nasjonallitteratur. Bakgrunnen for den var blant annet at bondebefolkningen ble befridd fra livegenskapet, skolesystemet ble utviklet, og universitetet i Tartu ble gjenåpnet i 1802. Forfattere av estisk opprinnelse tilførte litteraturen en nasjonal selvbevissthet. Den første store begavelsen var **Kristjan Jaak Peterson** (1801–22). Oder og pastoraler av denne tidlig døde dikteren viser innflytelse fra antikkens litteratur, tidlig romantikk og estisk folkedikting. Peterson var forut for sin tid; en del av produksjonen ble liggende

utrykt. Det lå foreløpig på skuldrene til prosaforfatterne å bygge opp en estisk litteratur.

